



*bustadkreditt
sogn og fjordane*

Kvartalsrapport

3. kvartal 2021 (ikkje revidert)

Innhald

3	Hovudtal
4	Kvartalsrapport pr. 30.09.2021
7	Resultat
8	Balanse
9	Kontantstraumoppstilling
10	Eigenkapitaloppstilling
11	Notar
19	Opplysningar om selskapet

Hovudtal

TAL I TUSEN KRONER

RESULTATREKNESKAP	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Resultat etter skatt	138 354	99 451	145 903
Netto renteinntekter i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,05 %	0,88 %	0,94 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,78 %	0,63 %	0,68 %

HOVUDTAL FRÅ BALANSEN

Brutto utlån til kundar	23 368 136	20 826 818	21 829 282
Nedskrivning på utlån	8 785	8 848	9 144
Eigenkapital	1 899 612	1 859 807	1 906 259
Forvaltningskapital	23 855 082	21 492 017	22 383 824
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	23 565 654	20 980 378	21 308 308

ANDRE NØKKELTAL

Kostnader i % av driftsinntekter	4,97 %	5,88 %	5,45 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (Resultatført)	0,00 %	0,00 %	0,01 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (Balanseført)	0,04 %	0,04 %	0,04 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt *)	10,22 %	7,25 %	8,03 %
Kapitaldekningsprosent	18,94 %	20,60 %	20,60 %
LCR (Likviditetsindikator)	774 %	448 %	511 %

BALANSEUTVIKLING 12 MND. VEKST

Vekst i forvaltningskapital	11,00 %	11,55 %	12,50 %
Vekst i utlån til kundar	12,20 %	11,86 %	12,37 %

OPPLYSNINGAR OM UTLÅNSPORTEFØLJEN

Overdekning i sikringsmassen (mill. kr)	2 919	2 838	2 924
Overdekning i sikringsmassen (%)	14,3 %	15,8 %	15,5 %
Indeksert belåningsgrad	54,4 %	56,2 %	56,6 %
Uindeksert belåningsgrad	59,6 %	59,2 %	59,4 %
Utfjerda OMF-volum pålydande (mill. kr)	20 400	18 000	18 900
Anna fyllingssikkerheit enn utlån (mill. kr)	226,6	145,6	121,6
Vekta tid sidan låna vart oppretta (år)	3,4	3,4	3,4
Vekta restløpetid for utlåna (år)	19,1	18,8	18,9
Andel lån med flytande rente	99,6 %	99,2 %	99,3 %
Andel lån med fast rente	0,4 %	0,8 %	0,7 %
Andel fleksilån	14,0 %	15,6 %	14,7 %
Gjennomsnittleg volum pr. lån (mill. kr)	1,54	1,50	1,49
Tal lån	15 175	13 867	14 686
Andel lån med trygd i bustad i utlandet	0 %	0 %	0 %

*) Rekna av inngåande eigenkapital justert for kapitalutviding og utbetalt utbytte.

Kvartalsrapport 30.09.2021

Hovudtrekk

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er eit heileigd dotterselskap av Sparebanken Sogn og Fjordane. Selskapet har hovudkontor i Førde.

Gjennom Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har konsernet Sparebanken Sogn og Fjordane sikra langsiktig finansiering til konkurransedyktige vilkår. Finansieringa skjer ved utferding av obligasjonar med fortrinnsrett.

Tenester som kundeoppfølging, forvaltning av lån, dagleg leiing og administrative tenester blir leverte av Sparebanken Sogn og Fjordane.

Ved utgangen av september 2021 hadde kredittføretaket 15.175 bustadlån på til saman 23,4 mrd. kr. Låna i sikringsmassen er innvilga av Sparebanken Sogn og Fjordane, og deretter kjøpte av Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS. Ved utgangen av september hadde 99,6 % av låna flytande rente og 0,4 % fast rente. Av utlånsvolumet er 14,0 % fleksilån.

Gjennomsnittleg lånegrad (vekta etter saldo) er 54,4%, vekta gjennomsnittleg nedbetalingstid er 19,1 år og vekta tid sidan låna vart oppretta er 3,4 år. Gjennomsnittleg lån pr. kunde er på 1,54 mill. kr. Veksten i utlånsmassen siste året er 2,5 mrd. kr (12,2%).

Volumet av utferda obligasjonar med fortrinnsrett er på 20,4 mrd. kr.

Rating OMF

OMF-programmet til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS vart i 2011 tildelt Long term rating Aaa av ratingbyrået Moody's, og TPI Leeway vart sett til 2. Ved utgangen av 3. kvartal 2021 er Long term rating framleis Aaa, og TPI Leeway er 4. Dette indikerer at ratinga til OMF-programmet er meir solid no enn i 2011.

Berekning av lånegrad

Lånegrad er berekna som bevilgning delt på panteverdi. Panteverdien er fastsett i estimeringsmodellen til Eiendomsverdi AS. Denne modellen blir brukt av alle norske kredittføretak.

Hovudtal

(Tala i parentes er pr. 30.09.20)

- Resultat etter skatt 138,4 mill. kr (99,5 mill. kr)
- Rentenetto 184,9 mill. kr (139,0 mill. kr)
- Driftskostnader 9,3 mill. kr (8,0 mill. kr)
- Netto tap på finansielle instrument 0,3 mill. kr (4,3 mill. kr)
- Nedskriving på utlån -0,4 mill. kr (0,8 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastning etter skatt 10,22 % p.a. (7,25 % p.a.)
- Rein kjernekapitaldekning 18,94 % (20,6 %)

Resultat

Resultat pr. 3. kvartal 2021 før skatt er på 177,4 mill. kr. Resultat etter skatt er på 138,4 mill. kr og gir ei eigenkapitalavkastning på 10,22% p.a. Tilsvarende tal pr. 3. kvartal 2020 var eit resultat før skatt på 127,5 mill. kr, resultat etter skatt på 99,5 mill. kr, og ei eigenkapitalavkastning på 7,25 %. Resultat etter skatt i prosent gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 0,78 %, mot 0,63 % på same tid i fjor.

Netto renteinntekter

Netto renteinntekter er på 184,9 mill. kr. Rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer 1,05 % pr. 30.09.21. Tilsvarende tal pr. 30.09.20 var 139,0 mill. kr og 0,88 %.

Driftskostnader

Driftskostnadene er 9,3 mill. kr, mot 8,0 mill. kr på same tid i 2020. Kjøp av tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane er den største kostnadsposten, følgt av kjøp av tenester frå Eiendomsverdi, ratingkostnader og kostnader ved utlegging av obligasjonar.

Kostnadsprosenten er 4,97 %, mot 5,88 % på same tid i fjor.

Forventa tap på utlån mv.

Kredittforetaket nyttar Sparebanken Sogn og Fjordane sine retningslinjer for vurdering av forventa tap på utlån, garantiar og unyttta trekkrettar. Selskapet har pr. 30.09.21 15 lån med brutto volum på 24,1 mill. kr i misleghald over 90 dagar. Selskapet har ingen konstaterte tap.

Pr. 3. kvartal 2021 er det inntektsført 0,4 mill. kr grunna endring i forventa tap. Reduksjon i avsetning skuldast først og fremst ei positiv utvikling i bustadprisane. Samla balanseført avsetning til forventa tap er på 8,8 mill. kr.

For nærare forklaring viser vi til note 3 og 4 der det m.a. er utarbeidd ei sensitivitetsanalyse som viser korleis forventa tap kan bli påverka gitt ulike scenario for utvikling i makroøkonomiske parameter.

Balansen


Selskapet har ein forvaltningskapital på 23,9 mrd. kr pr. 30.09.21. Forvaltningskapitalen har auka med 2,4 mrd. kr dei siste 12 mnd. (+11,0 %).

Utlån til kundar og anna fyllingssikkerheit

I tillegg til bustadlåna på 23,4 mrd. kr, er det etablert anna fyllingssikkerheit med i alt 226,6 mill. kr. Samla sikringsmasse er 23,4 mrd. kr, og er 14,3 % høgare enn volumet av utferdte obligasjonar med fortrinnsrett.

54,4 % av utlånsporteføljen i Bustadkreditt Sogn og Fjordane er innanfor 60% av panteverdien. Risikoen i utlånsporteføljen blir vurdert som låg. Figuren under viser vekta belåningsgrad for låna som ligg i kredittforetaket.

Belåningsgrad



Den geografiske fordelinga av bustadporteføljen ser slik ut:

5 STØRSTE FYLKE I UTLÅNSVOLUM

Fylke	Prosent
Vestland	75,1 %
Oslo	9,3 %
Viken	8,6 %
Møre og Romsdal	1,7 %
Rogaland	1,5 %
Resten av landet	3,8 %
Totalt	100 %

5 STØRSTE KOMMUNAR I UTLÅNSVOLUM

Kommune	Prosent
Bergen	18,8 %
Sunnfjord	16,3 %
Kinn	12,6 %
Oslo	9,3 %
Sogndal	5,6 %
Resten av landet	37,4 %
Totalt	100 %

FORDELING UTLÅNSVOLUM

Lånestørrelse	Volum (mill. kr.)
0 - 1 mill.	2.724
1 - 2 mill.	6.910
2 - 3 mill.	6.688
3 - 4 mill.	3.576
over 4 mill.	3.470
Totalt	23.368

Eigenkapital og kapitaldekning

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har pr. 30.09.21 ein eigenkapital på 1,90 mrd. kr. Kapitaldekninga er på 18,94 %. Tilsvarande tal for 3. kvartal 2020 var ein eigenkapital på 1,86 mrd. kr og ein kapitaldekning på 20,60 %.

I 1. kvartal 2021 vart det betalt ut eit utbytte på 145,0 mill. kr til morbanken.

Likviditet

Ved utgangen av 3. kvartal 2021 hadde Bustadkreditt Sogn og Fjordane fyllingssikkerheit i form av bankinnskott i Sparebanken Sogn og Fjordane på 226,6 mill. kr. Selskapet har også obligasjonar til ein bokført verdi på 233,6 mill. kr. Desse obligasjonane ligg utanfor sikringsmassen.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har sterke trekkrettar hos Sparebanken Sogn og Fjordane. Desse skal sikre at selskapet kan betale renter og avdrag til OMF-eigarane, at selskapet er i stand til å dekkje kundane sine opptrekk på etablerte fleksilån, at selskapet har mellomfinansiering ved overføring av lån frå morbanken til kredittforetaket og finansiering av nødvendig overdekning i sikringsmassen.

Risiko

Med konsesjon som kredittføretak er Bustadkreditt Sogn og Fjordane underlagt lover, forskrifter og regelverk som set avgrensingar for risikoen selskapet kan vere eksponert for. Styret og dagleg leiar er ansvarlege for at det er etablert ei forsvarleg risikostyring, og at denne er tilstrekkeleg og i samsvar med lover og reglar.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane er utsett for kredittrisiko, operasjonell risiko, likviditetsrisiko og renterisiko. Styret legg vekt på at selskapet skal ha låg risiko. Det er utarbeidd rammer for risiko-eksponeringa knytt til dei ulike risikotypene, og det er etablert system for måling, styring og kontroll av ulike risikotyper.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er fare for tap som følgje av at kundane/motparten ikkje har evne eller vilje til å oppfylle pliktene sine overfor Bustadkreditt Sogn og Fjordane.

Selskapet har i eigen kravspesifikasjon fastsett krav til lån som kan kjøpast frå morbanken. Krava er strenge, og medfører at kredittrisikoen i utgangspunktet er låg. Krava spesifiserer lånetype, lånegrad, risikoklasse og type pant som må vere på plass for å kunne kjøpe låna. Ved utgangen av 3. kvartal 2021 er vekta belåningsgrad i selskapet 54,4 % målt i forhold til godkjend verdi på panteobjekta utarbeidd av Eiendomsverdi AS. Styret vurderer kvaliteten på låneporteføljen som god og kredittrisikoen som låg.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risiko som oppstår som følgje av at føretaket har posisjonar i utlån og finansielle instrument der verdiane over tid blir påverka av endringar i marknadsprisar. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har ikkje investert i aksjar eller valuta, så all marknadsrisiko knyt seg difor til renterisiko. I risikorammene til selskapet er det sett rammer for kor stor marknadsrisiko selskapet kan ta. Styret legg vekt på at Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS skal ha låg marknadsrisiko.

Førde 25.10.2021

Styret i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Frode Vasseth
Styreleiar

Linda Vøllestad Westbye

Ingeborg Aase Fransson

Peter Midthun

Irene Flølo
Dagleg leiar

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at føretaket ikkje klarer å oppfylle pliktene sine og/eller finansiere ein auke i eigedelane, utan at det oppstår vesentlege ekstrakostnader i form av prisfall på eigedelar som må realiserast, eller i form av ekstra dyr finansiering.

Styret har vedteke at selskapet skal ha låg likviditetsrisiko. Dette blir mellom anna reflektert i krav til storleiken på likviditetsreserven. Kredittavtalane mot morbanken er også viktige for å redusere likviditetsrisikoen til selskapet.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som fare for tap som skuldast menneskelege feil, eksterne hendingar eller svikt og manglar i føretaket sine system, rutinar og prosessar.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har inngått ein avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane som mellom anna omfattar levering av tenester knytt til kundehandtering, administrasjon, IT-drift, økonomi og risikostyring. På desse områda er det banken som må rette opp eventuelle feil som blir gjort og handtere den operasjonelle risikoen. Det er styret si vurdering at dette blir gjort på ein god måte.

Utsikter framover

Selskapet kan vise til gode tal og stabil drift i tredje kvartal 2021. Selskapet opplever god vekst i utlån til kundar, og rentenettoen er styrka grunna reduserte finansieringskostnader gjennom året.

Selskapet leverer ei EK avkastning på 10,22 %, ein auke på 2,96 % prosentpoeng frå same periode i fjor. Selskapet har god kostnadskontroll og ingen konstaterte tap.

BSF vil også i tida framover vere ei viktig kjelde til langsiktig finansiering for konsernet Sparebanken Sogn og Fjordane.

Resultat

	Note	3. kvartal 2021	3. kvartal 2020	01.01.–30.09. 2021	01.01.–30.09. 2020.	År 2020
Renteinntekter		111 441	103 661	325 310	378 667	483 579
Rentekostnader		42 609	44 854	140 367	239 701	282 825
Netto renteinntekter		68 832	58 808	184 944	138 965	200 754
Provisjonsinntekter		555	566	1 667	1 702	2 260
Netto provisjonsinntekter		555	566	1 667	1 702	2 260
Netto vinst/tap på finansielle instrument		884	280	- 346	- 4 314	- 3 978
Sum andre driftsinntekter		884	280	- 346	- 4 314	- 3 978
Netto andre driftsinntekter		1 438	846	1 321	- 2 612	- 1 718
Sum driftsinntekter		70 270	59 654	186 264	136 354	199 036
Lønn og andre personalkostnader		0	0	0	0	40
Andre driftskostnader		2 976	1 983	9 254	8 013	10 804
Sum driftskostnader		2 976	1 983	9 254	8 013	10 844
Driftsresultat før nedskrivning på utlån		67 294	57 671	177 010	128 341	188 191
Nedskrivning på utlån (+)/ tilbakeføring nedskrivning (-)	3, 4, 5	675	281	- 366	839	1 136
Resultat av ordinær drift		66 619	57 390	177 377	127 502	187 055
Skatt		14 656	12 626	39 023	28 051	41 152
Resultat for perioden		51 963	44 764	138 354	99 451	145 903
TOTALRESULTAT						
Resultat for perioden		51 963	44 764	138 354	99 451	145 903
Andre innrekna inntekter og kostnader		0	0	0	0	0
Totalresultat		51 963	44 764	138 354	99 451	145 903

Balanse

EIGEDELAR	Note	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar		226 647	145 618	121 586
Utlån til kundar	3,4,5	23 359 351	20 817 971	21 820 137
Sertifikat og obligasjonar		233 626	295 184	295 187
Finansielle egedelar		32 246	230 807	143 674
Utsett skattefordel		2 240	1 253	2 240
Andre egedelar		970	1 184	0
Sum egedelar		23 855 082	21 492 017	22 382 824
GJELD OG EIGENKAPITAL				
Gjeld				
Gjeld til kredittinstitusjonar		1 357 389	1 144 182	1 250 663
Verdipapirgjeld	6	20 515 691	18 226 890	19 043 018
Finanselle derivat		30 948	21 573	20 607
Betalbar skatt		39 023	28 051	42 139
Anna gjeld og avsetningar		12 418	211 513	120 138
Sum gjeld		21 955 469	19 632 210	20 476 566
Innskoten egenkapital				
Aksjekapital		1 750 000	1 750 000	1 750 000
Sum innskoten egenkapital		1 750 000	1 750 000	1 750 000
Opptent egenkapital				
Annan egenkapital	7	149 612	109 807	11 259
Avsett til utbytte		0	0	145 000
Sum opptent egenkapital		149 612	109 807	156 259
Sum egenkapital		1 899 612	1 859 807	1 906 259
Sum egenkapital og gjeld		23 855 082	21 492 017	22 382 824

Førde 25.10.2021

Styret i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Frode Vasseth
Styreleiar

Linda Vøllestad Westbye

Ingeborg Aase Fransson

Peter Midthun

Irene Flølo
Dagleg leiar

Kontantstrømoppstilling

	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Resultat før skatt	177 377	127 502	187 055
Nedskrivning på utlån/garantiar	- 366	839	1 136
Betalt skatt	- 42 139	- 42 900	- 42 900
Reduksjon/auke (-) i utlån til og krav på kundar	- 1 538 855	- 1 401 152	- 2 403 615
Andre ikkje kontanttransaksjonar	- 108 683	209 819	119 626
A) Netto likviditetsendring frå operasjonelle driftsaktivitetar	- 1 512 666	- 1 105 892	- 2 138 697
Reduksjon/auke (-) i plassering i sertifikat/obligasjonar/derivat	172 989	- 396 965	- 309 835
B) Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar	172 989	- 396 965	- 309 835
Auke/reduksjon (-) i lån frå kredittinstitusjonar	106 726	- 10 787	95 694
Auke/reduksjon (-) i verdipapirgjeld/ derivat	1 483 013	1 450 323	2 265 486
Utbytte	- 145 000	- 140 000	- 140 000
C) Netto likviditetsendring i finansieringsaktivitetar	1 444 739	1 299 536	2 221 180
D) Netto endring likvidar i året (A+B+C)	105 062	- 203 320	- 227 352
Likviditetsbeholdning inngåande behaldning	121 586	348 938	348 938
Likviditetsbeholdning utgåande behaldning	226 647	145 618	121 586
Spesifikasjon av likviditetsbeholdning			
Innskot i andre finansinstitusjonar	226 647	145 618	121 586
Sum	226 647	145 618	121 586

Eigenkapitaloppstilling

	INNSKOTEN EIGENKAPITAL Aksjekapital	OPPTENT EIGENKAPITAL Annan eigenkapital	TOTAL EIGENKAPITAL
Inngående egenkapital 01.01.20	1 750 000	150 356	1 900 356
Utdelt utbytte	0	- 140 000	- 140 000
Resultat for perioden	0	145 903	145 903
Utgående egenkapital 31.12.20	1 750 000	156 259	1 906 259
Inngående egenkapital 01.01.21	1 750 000	156 259	1 906 259
Utdelt utbytte	0	- 145 000	- 145 000
Resultat for perioden	0	138 354	138 354
Utgående egenkapital 30.09.21	1 750 000	149 612	1 899 612

Notar til rekneskapen

Note 1 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapen for Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er utarbeidd i samsvar med forenkla IFRS og forskrift om forenkla IFRS utgitt av Finansdepartementet 3. mars 2014. Delårsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med IAS 34 «Delårsrapportering».

ENDRINGAR I REKNESKAPSSTANDARDAR

Det er ingen endringar i rekneskapsstandardar som har fått effekt for selskapet i 3. kvartal 2021.

REKNESKAPSESTIMAT

I 1. kvartal 2021 vart tapsmodellen tilpassa til ny misleghaldsdefinisjon. Det er m.a. innført nye reglar for smitte av misleghald mellom kunden sine konti. Tidlegare ville misleghald på ein konto sette alle kunden sine konti i misleghald. Med den nye definisjonen vil ein kunde kunne ha misleghald på usikra lån, medan dei sikra låna ikkje vert rapportert som misleghaldne. Den nye misleghaldsdefinisjonen har også medført karanteneperiode på minimum 3 månader for betalingsmisleghald og minimum 12 månader for misleghald ved restrukturering.

Det er ingen vesentleg endring i misleghaldet eller tapsavsetningane pga. den nye misleghaldsdefinisjonen.

GENERELT

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat viser vi til årsrapporten for 2020 for Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS. Sjå: www.ssf.no.

Alle tal er oppgitt i tusen kroner, dersom ikkje anna er oppgitt.

Note 2 Segment

Selskapet har eitt segment. Segmentet består av utlån til privatkundar og eit mindre volum av utlån til private næringsdrivande. Alle utlån er overført frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Selskapet driv ikkje verksemd utanfor Norge. Kundar med adresse i utlandet blir klassifisert som ein del av den norske verksemda.

Note 3 Resultatførte tap på utlån og unytta trekkrettar

	01.01.-30.09.21	01.01.-30.09.20	2020
Auke/reduksjon i individuell nedskrivning	- 1 213	1 214	1 214
Auke/reduksjon i forventa tap (modellbasert)	847	- 375	- 77
Konstaterte tap i perioden dekt av tidlegare nedskrivning	0	0	0
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	0	0	0
Inngang på tidlegare års konstaterte tap	0	0	0
Resultat av nedskrivning for perioden	- 366	839	1 136

Note 4 Nedskrivning fordelt på trinn i IFRS9

Når eit lån blir innrekna første gangen vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom engasjementet har hatt ein vesentleg auke i kredittrisikoen sidan det vart innrekna første gangen blir det overført til trinn 2. Misleghaldne engasjement blir allokert til trinn 3. Der det er gjort ei individuell nedskrivning vil dette overstyre modellberekna tap på engasjementet. Individuell nedskrivning inngår i nedskrivningar i trinn 3 i tabellen under.

2021	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.21	2 772	3 793	2 538	9 103
Overføringar til trinn 1	109	- 978	- 257	- 1 126
Overføringar til trinn 2	- 131	799	- 174	494
Overføringar til trinn 3	- 3	- 483	1702	1 216
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	1 095	1 480	301	2 876
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 657	- 885	- 810	- 2 351
Endring i modell- og makroparametere	215	797	127	1 139
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 626	- 728	- 1 253	- 2 607
Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 30.09.21	2 773	3 795	2 176	8 744
Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.21	8	0	34	41
Samla nedskrivning på utlån pr. 30.09.21	2 780	3 795	2 209	8 785
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.21	63	12	0	75
Overføringar til trinn 1	0	- 3	0	- 2
Overføringar til trinn 2	- 1	7	0	6
Overføringar til trinn 3	0	0	0	0
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	5	1	0	6
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 1	- 1	0	- 2
Endring i modell- og makroparametere	3	4	0	8
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 19	- 3	0	- 22
Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 30.09.21	50	18	0	68
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
2020	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.20	1 571	4 760	2 322	8 652
Overføringar til trinn 1	358	- 1 669	- 99	- 1 410
Overføringar til trinn 2	- 85	689	- 176	429
Overføringar til trinn 3	- 4	- 188	794	602
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	1 026	1 017	58	2 101
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 370	- 1 060	- 1 703	- 3 133
Endring i modell- og makroparametere	514	848	- 68	1 294
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 273	- 609	1 162	280
Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 30.09.20	2 736	3 789	2 290	8 815
Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.20	13	20	0	33
Samla nedskrivning på utlån pr. 30.09.20	2 748	3 809	2 290	8 848
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.20	41	13	0	55
Endringer i perioden	22	- 2	0	19
Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 30.09.20	63	11	0	74

Note 4 Nedskrivning fordelt på trinn i IFRS9, framhald

Sensitivitetsanalyse modell for nedskrivning etter IFRS 9

Nedskrivningar skal ifølge IFRS 9-regelverket ta inn forventning om framtidig utvikling i mislighald og tap. Banken brukte i 2018 og 2019 ein statistisk modell for å beskrive samanhengen mellom venta utvikling i makroøkonomiske parametrar og framtidig mislighaldsnivå i banken. Koronapandemien førte til så store svingingar i dei makroøkonomiske variablane som inngår som forklaringsvariablar i modellen, at modellen ikkje lenger var egna til å predikere eit framtidig misleghald. Det er difor gjort kvalitative vurderingar av forventa utvikling i mislighaldsnivå og bustadpriser 5 år fram i tid, med bakgrunn i erfaringar frå tidligare kriser, dei langsiktige forventningane til utviklinga før koronakrisa og utsikter i Norges Bank sin Pengepolitiske rapport. Forventa tap blir berekna ved ei vekting av tapsresultatet frå 3 ulike scenario, sjå under.

Framtidig scenario frå berekning av forventa tap pr. 30.09.21	Misleghaldsnivå/PD målt mot utgangspunkt pr. 30.09.2021					Bustadprisar	
	År 1	År 2	År 3	År 4	År 5	Gj. sn. årleg vekst	Vekting av scenario
Scenario 1: Venta scenario	1,60	1,70	1,70	1,80	1,90	2,2 %	50 %
Scenario 2: Optimistisk scenario	1,36	1,45	1,45	1,53	1,62	3,2 %	25 %
Scenario 3: Pessimistisk scenario	2,00	2,13	2,13	2,25	2,38	0,2 %	25 %

Endring i resultat ved 100 % vekting av dei enkelte scenario	Endring resultat
Scenario 1: Venta scenario	- 363
Scenario 2: Optimistisk makrosenario	1 619
Scenario 3: Pessimistisk makrosenario	- 2 345

Note 5 Engasjement fordelt på steg i IFRS9

2021	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til amortisert kost pr. 01.01.21	20 115 257	1 513 123	50 075	21 678 455
Overføringer til trinn 1	517 210	- 507 159	- 10 051	0
Overføringer til trinn 2	- 464 471	481 070	- 16 599	0
Overføringer til trinn 3	- 10 315	- 58 873	69 188	0
Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt	6 061 508	390 044	17 109	6 468 661
Finansielle egedelar som er frårekna	- 3 781 638	- 347 242	- 9 583	- 4 138 464
Andre endringar	- 692 513	- 32 190	- 1 214	- 725 917
Brutto utlån til amortisert kost pr. 30.09.21	21 745 037	1 438 772	98 925	23 282 734
Nedskrivngar på utlån til amortisert kost pr. 30.09.21	2 773	3 795	2 176	8 744
Netto utlån til amortisert kost pr. 30.09.21	21 742 265	1 434 977	96 749	23 273 991
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.21	84 466	154	782	85 402
Nedskrivngar på utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.21	8	0	34	41
Netto utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.21	84 458	154	748	85 361
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Samla brutto utlån pr. 30.09.21	21 829 503	1 438 926	99 707	23 368 136
Samla nedskrivning på utlån pr. 30.09.21	2 780	3 795	2 209	8 785
Samla netto utlån pr. 30.09.21	21 826 723	1 435 131	97 497	23 359 351
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.09.21	1 825 899	31 022	0	1 856 921
Nedskrivning på garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.09.21	50	18	0	68
Netto eksponering på garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.09.21	1 825 849	31 004	0	1 856 853
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
2020	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til amortisert kost pr. 01.01.20	16 395 717	2 808 777	53 953	19 258 446
Overføringer til trinn 1	1 383 191	- 1 378 624	- 4 567	0
Overføringer til trinn 2	- 300 263	307 340	- 7 076	0
Overføringer til trinn 3	- 6 817	- 15 859	22 676	0
Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt	5 330 347	374 797	3 554	5 708 698
Finansielle egedelar som er frårekna	- 3 044 961	- 595 985	- 17 155	- 3 658 101
Andre endringar	- 598 599	- 42 211	- 368	- 641 177
Brutto utlån til amortisert kost pr. 30.09.20	19 158 615	1 458 234	51 017	20 667 866
Nedskrivngar på utlån til amortisert kost pr. 30.09.20	2 736	3 789	2 290	8 815
Netto utlån til amortisert kost pr. 30.09.20	19 155 879	1 454 445	48 727	20 659 051
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.20	142 044	16 909	0	158 953
Nedskrivngar på utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.20	13	20	0	33
Netto utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.20	142 031	16 888	0	158 920
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Samla brutto utlån pr. 30.09.20	19 300 659	1 475 142	51 017	20 826 818
Samla nedskrivning på utlån pr. 30.09.20	2 748	3 809	2 290	8 848
Samla netto utlån pr. 30.09.20	19 297 911	1 471 333	48 727	20 817 971
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.09.20	1 705 200	22 247	12	1 727 460
Nedskrivning på garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.09.20	63	11	0	74
Netto eksponering på garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.09.20	1 705 137	22 237	12	1 727 386

Note 6 Verdipapirgjeld

	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Pålydande verdi			
Sertifikat og andre kortsiktige låneopptak	0	0	0
Obligasjonsgjeld til amortisert kost	18 400 000	16 000 000	16 900 000
Eigne ikkje amortiserte sertifikat/ obligasjonar til amortisert kost	0	0	0
Obligasjonsgjeld til verkeleg verdi	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Sum gjeld stifta ved utskrivning av verdipapir	20 400 000	18 000 000	18 900 000

Løpetid

Gjenstående løpetid (pålydande verdi)

2021	0	2 500 000	2 500 000
2022	2 500 000	2 500 000	2 500 000
2023	2 500 000	2 500 000	2 500 000
2024	2 500 000	2 500 000	2 500 000
2025	3 000 000	3 000 000	3 000 000
2026	4 000 000	3 000 000	3 000 000
2027	3 900 000	0	900 000
2030	500 000	500 000	500 000
2033	500 000	500 000	500 000
2034	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Sum	20 400 000	18 000 000	18 900 000

Nye lån i 2021	4 000 000
Tilbakebetalingar i perioden	2 500 000

ISIN nummer	Pålydande	Rente	Kupong- margin	Utløps- dato *)	Bokført 30.09.21
NO0010770019	2 500 000	3 MND. NIBOR	0,67	15.06.22	2 501 447
NO0010782543	2 500 000	3 MND. NIBOR	0,60	15.06.23	2 502 053
NO0010819170	2 500 000	3 MND. NIBOR	0,42	15.04.24	2 502 566
NO0010843311	3 000 000	3 MND. NIBOR	0,49	23.04.25	3 004 486
NO0010881048	4 000 000	3 MND. NIBOR	0,49	18.06.26	4 016 997
NO0011008377	3 000 000	3 MND. NIBOR	0,75	27.05.27	3 084 623
NO0010895329	900 000	3 MND. NIBOR	0,40	12.10.27	901 709
NO0010871643	500 000	Fast	2,30	19.06.30	505 532
NO0010830524	500 000	Fast	2,68	31.08.33	519 737
NO0010863772	1 000 000	Fast	2,04	20.09.34	976 542

Sum gjeld stifta ved utskrivning av verdipapir

20 515 691

Tabellen viser ordinære forfall.

*) Iflg. avtalevilkår kan utløpsdato forlengast med eitt år.

Alle lån er i NOK.

Til inngåtte låneavtalar er det knytt standard lånevilkår.

Selskapet har 3 fastrenteinnlån. Det er inngått sikringsforretning for å motverke verdisvingingane i obligasjonsinnlåna og det er i samband med dette innført sikringsbokføring.

Det er eit tilnærma 1:1 forhold mellom sikringsobjektet (innlånet) og sikringsinstrumentet (renteswappen).

Note 7 Kapitaldekning

Ansvarleg kapital	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Aksjekapital og overkurs	1 750 000	1 750 000	1 750 000
Annan eigenkapital	11 259	10 356	11 259
Eigenkapital	1 761 259	1 760 356	1 761 259
Annan kjernekapital	0	0	0
Frådrag:			
Verdijustering (forsvarleg verdsetting)	- 384	- 507	- 421
Utsett skattefordel	- 2 240	- 1 253	- 2 240
Netto kjernekapital	1 758 635	1 758 596	1 758 598
Rein kjernekapital	1 758 635	1 758 596	1 758 598
Netto tilleggskapital	0	0	0
Netto ansvarleg kapital	1 758 635	1 758 596	1 758 598
BEREKNINGSGRUNNLAG			
Kredittrisiko			
Institusjonar	51 524	36 149	30 317
Massemarknadsengasjement	991 064	1 216 172	591 355
Engasjement med pant i bustad	7 682 335	6 670 808	7 305 167
Forfalne engasjement	100 764	127 170	148 729
Obligasjonar med fortrinnsrett	12 043	18 065	18 060
Andre engasjement	4 663	1 236	16 225
Sum berekningsgrunnlag kredittrisiko	8 842 392	8 069 599	8 109 852
Operasjonell risiko	367 806	362 493	367 806
CVA	73 178	103 266	60 773
Samla berekningsgrunnlag	9 283 376	8 535 358	8 538 430
Overskot ansvarleg kapital	1 015 964	1 075 767	1 075 524
KAPITALDEKNING			
Kapitaldekningsprosent	18,94 %	20,60 %	20,60 %
Kjernekapitaldekning	18,94 %	20,60 %	20,60 %
Rein kjernekapitaldekning	18,94 %	20,60 %	20,60 %
Uvekta kjernekapitalandel	7,32 %	8,19 %	7,83 %

Kapitaldekninga er utrekna i samsvar med nye kapitalkravsforskrifter (Basel II). Standardmetoden er nytta for kredittrisiko, marknadsrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Basel II er inndelt i tre pilarar (områder). Pilar 1 omhandlar minstekravet til kapitaldekning og er ei vidareutvikling av tidlegare regelverk etter Basel I. Pilar 2 omhandlar institusjonen si vurdering av samla kapitalbehov og tilsynsmessig oppfølging (ICAAP), medan Pilar 3 omhandlar krav om offentleggjering av finansiell informasjon.

Note 8 Transaksjonar med nærstående partar

Transaksjonar med konsernselskap

	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Renter motteke frå Sparebanken Sogn og Fjordane	819	1 774	2 062
Renter betalt til Sparebanken Sogn og Fjordane	11 478	19 725	23 278
Renter betalt til Sparebanken Sogn og Fjordane på OMF	15 969	25 245	28 960
Kjøpte tenester av Sparebanken Sogn og Fjordane	5 053	4 533	6 112
Innskot i Sparebanken Sogn og Fjordane	226 648	145 618	121 586
Gjeld til Sparebanken Sogn og Fjordane	1 357 389	1 144 182	1 250 663
OMF-gjeld til Sparebanken Sogn og Fjordane	2 435 997	1 945 893	2 283 099

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har ingen tilsette. Det er inngått avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane om levering av tenester knytt til låneadministrasjon og drift av selskapet. Alle utlån som selskapet har, er overført frå Sparebanken Sogn og Fjordane og det er inngått avtale med banken om forvaltning av denne utlånsporteføljen. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS påtek seg all risiko knytt til låna som er kjøpte frå morbanken. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har fått tilgang til sterke kredittfasilitetar hos Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette skal sikre at selskapet kan betale renter og avdrag til OMF-eigarane, at selskapet er i stand til å dekkje lånekundane sine opptrekk på etablerte fleksilån, at selskapet har mellomfinansiering ved overføring av lån, og finansiering av nødvendig overdekning i sikkerheitsmassen.

Nærare om kredittavtalane:

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS (BSF) har fire kredittavtaler med Sparebanken Sogn og Fjordane (SSF):

- Ein 3-årig kreditt som går til utløp i januar 2023. Kreditten skal brukast til kjøp av bustadlån frå SSF. Ramma på kreditten pr. 30.09.2021 er 750 mill. kr., men gjeld kun ved bolkovertføring av lån.
- Ein kredittavtale som skal sikre at OMF-eigarane får oppgjær også i tilfelle der kredittføretaket ikkje klarer å gjere opp for seg. Ramma på avtalen pr. 30.09.2021 er på 211 mill. kr. Pliktene til morbanken er knytt til oppgjær mot OMF-eigarane eitt år fram i tid.
- Ein kredittavtale som kan nyttast for å finansiere opptrekk på til ei kvar tid ubrukte fleksilånsrammer. Pr. 30.09.2021 er ramma på avtalen 1.857 mill. kr.
- Ein kredittavtale knytt til overkollateralisering. Avtalen skal berre nyttast til kjøp av lån som inngår i sikringsmassen, og til kjøp av instrument som kvalifiserer som likviditetsreserve. Ramma pr. 30.09.2021 er på 1.632 mill. kr, og er avhengig av OMF-volumet som til ei kvar tid er utferda.

I tillegg til desse 4 kredittavtalane er det inngått ein ISDA-avtale mellom BSF og SSF. ISDA-avtalen regulerer all derivathandel mellom partane. ISDA-avtalen har same oppbygging som andre avtalar som SSF har med andre eksterne aktørar der ein dagleg måler verdiendringane av rentesikringsavtalane og der sikkerheit blir utveksla. Ved utlegging av fastrente OMF rentesikrar SSF volumet mot ekstern part og internswappar vidare til BSF. Det same gjeld for rentesikring av fastrenteutlån.

Alle avtalar og transaksjonar er inngått etter prinsippet om armlengdes avstand.

Note 9 Fyllingssikkerheit

	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Bankinnskott i morbank	226 647	145 618	121 586
Sertifikat med statsgaranti	0	0	0
Andre sertifikat og obligasjonar	0	0	0
Sum fyllingssikkerheit	226 647	145 618	121 586

Note 10 Verkeleg verdi på finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som er bokført til amortisert kost

	30.09.21		30.09.20		31.12.20	
	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Balanseført verdi	Verkeleg verdi
<i>Finansielle eigedelar</i>						
Utlån og krav på kredittinstitusjonar	226 647	226 647	145 618	145 618	121 586	121 586
Utlån til kundar (brutto)	23 282 734	23 282 734	20 667 866	20 667 866	21 678 455	21 678 455
Sum finansielle eigedelar til amortisert kost	23 509 382	23 509 382	20 813 484	20 813 484	21 800 041	21 800 041

Finansiell gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar	1 357 389	1 357 389	1 144 182	1 144 182	1 250 663	1 250 663
Verdipapirgjeld (OMF)	18 513 880	18 653 269	16 014 762	16 128 971	16 917 693	17 040 078
Sum finansiell gjeld til amortisert kost	19 871 270	20 010 659	17 158 944	17 273 153	18 168 356	18 290 742

Finansielle eigedelar innrekna til verkeleg verdi

<i>Finansielle eigedelar til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet</i>	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	30.09.21 SUM
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	0	0	85 361	85 361
Sertifikat og obligasjonar til verkeleg verdi	9 953	223 674	0	233 626
Derivat, handelsportefølje	0	32 246	0	32 246

Finansiell gjeld til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet (brutto)

Verdipapirgjeld (OMF)	2 001 811	2 001 811
Derivat, handelsportefølje	30 948	30 948

Verkeleg verdi hierarki

Finansielle instrument som er bokført til verkeleg verdi skal delast inn etter nivå:

Nivå 1: Kvoterte prisar i aktive marknader

Nivå 2: Verdi utleia frå observerbare prisar for liknande aktiva direkte eller indirekte

Nivå 3: Verdi som ikkje er basert på observerbare prisar, t.d. verdsetting basert på eigen verdsettingsmodell

Opplysningar om selskapet

ADRESSE:

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS
Langebruvegen 12
6800 Førde

TELEFON 57 82 97 00

FØRETAKSNUMMER 946 917 990

LEIING

Irene Flølo Dagleg leiar

STYRE

Frode Vasseth	Styreleiar
Linda Vøllestad Westbye	Styremedlem
Ingeborg Aase Fransson	Styremedlem
Peter Midthun	Styremedlem

KONTAKTPERSON

Irene Flølo, dagleg leiar
Tlf. 97 66 76 15